



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy sokn



ÅRSMELDING 2025

ÅRSMELDING

2025 har vore eit år der Osterøy sokneråd har fått jobba saman ei stund. Vi har saman handsama mange viktige saker. Noko av det viktigaste har vore tilsetting av ny kapellan og ny organist. Staben har vore i endring og vi er glade for at vi har fått på plass desse dyktige folka.

Det er gledeleg å sjå at folk på Osterøy går meir til fleire kyrkjer enn der dei er busett. Dette håpar vi å sjå meir til framover.

I soknerådet har vi fått ein musikkplan og ein diakoniplan.
Dette set vi stor pris på.

Frivillige er svært viktige i arbeidet vi gjer. Utan dei går det ikkje å drive kyrkjelyd. Takk til alle for god støtte og samarbeid i 2025! Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid i tida som kjem.

God lesing!

Lonevåg, . mars 2026



Bjarte Aarland
Leiar



Linda G. Lunga
Kyrkjeverje



STYRING OG LEIING	5
<i>Rådsarbeid og kyrkjepolitikk</i>	<i>5</i>
<i>Samarbeid mellom sokneråd og kommune</i>	<i>7</i>
<i>Administrasjon</i>	<i>7</i>
VERKSEMDSOMRÅDE.....	9
<i>Kyrkjelydsliv</i>	<i>9</i>
<i>Trusopplæring.....</i>	<i>14</i>
<i>Kyrkjemusikk</i>	<i>22</i>
<i>Vedlikehald og rehabilitering.....</i>	<i>25</i>
<i>Gravplassforvaltning.....</i>	<i>25</i>
ØKONOMI OG STATISTIKK.....	26
<i>Økonomi.....</i>	<i>26</i>
<i>Statistikk.....</i>	<i>26</i>

STYRING OG LEIING

Rådsarbeid og kyrkjepolitikk

Soknerådet har i 2025 hatt sju møter og handsama 42 fellesrådssaker og 18 soknerådssaker. Kyrkjeleg administrasjonsutval har hatt to møter i 2025.

Forhandlingsutvalet hadde eitt møte i 2025. Dei viktigaste sakene soknerådet har jobba med i 2025 er 4 års økonomiplan, reparasjon av spir på Hosanger kyrkje, nye panelomnar i Hamre kyrkje og kapellanstillinga. I tillegg til kyrkjemusikk- og diakoniplan og verktøyet «Kirka vår».

Osterøy sokneråd har sidan opprettinga bestått av Bjarte Hammer Aarland (leiar), Anne Cecilie Skeidsvoll, Magne Roald Vikne, Miriam Skjelvik Kalland, Kristin-Merete Nøttveit, Kari Vevle Reigstad, Otto Mo, Mariann Aasheim, Jan Roald Myking og Evy Bysheim Pedersen. Mariann Aasheim har fått innvilga permisjon ut perioden og Liv Rivenes har no rykka opp frå 1. vara til fast medlem i rådet. Varamedlemmer: Anne-Mari Bardsley, Britt Margunn Rød, Roar Moen og Atle Hammer.

Soknerådet har vore organisert med to utval:

Administrasjonsutvalet og forhandlingsutvalet.

Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval som handsamar til dømes tilsettingar, men òg andre saker som fellesrådet overlèt til administrasjonsutvalet.

Administrasjonsutvalet har hatt to møter i 2025 som gjaldt

tilsetjing av ny organist og behandling av permisjonssøknad frå Oddvar Høgli.

Utvalet er samansett av Anne Cecilie Skeidsvoll, Kari Vevle Reigstad og Bjarte Aarland, samt arbeidstakarrepresentantane Helga Askeland Mjelstad (Utdanningsforbundet) og Trent Bruner (CREO).

Forhandlingsutvalet har berre ei oppgåve: å gjennomføre lønsforhandlingar med kyrkjeverja og fastsetje kyrkjeverjas løn. Forhandlingsutvalet har i 2025 hatt eitt møte. Utvalet har bestått av Bjarte Aarland, Anne Cecilie Skeidsvoll og Kari Vevle Reigstad. Kyrkjeverja er sekretær for soknerådet og utvala.

Osterøy kommune stiller med ein kommunal representant som no er Sigmund Faugstad og Gerd Karin Njaastad er nestleiar. Sokneprest Astrid Marie Haugland er kyrkja sin representant i soknerådet. Prost Leif Endre Grutle er vara i hennar fråvær.

Kvart år skal det veljast soknerådsleiar og vara. Bjarte Aarland vart vald som soknerådsleiar også i 2025 og Kari Vevle Reigstad vart vald som nestleiar.

Samarbeid mellom sokneråd og kommune

I juni vart det lagt fram ein 4 års økonomiplan til Osterøy kommune og i november var soknerådsleiar og kyrkjevevja på budsjettmøte med heradsstyret og hadde kvar sine innlegg. Leiar presenterte grunnlaget for kontakten med kommunen og kyrkjevevja viste ein powerpoint om noko av arbeidet vi gjer med tal på oppmøter og den fire års økonomiplanen om behova i soknet. Eit positivt møte der vi også fekk sagt noko om Kyrkjebevaringsprogrammet.

Administrasjon

Kyrkjekontoret er eit felles kontor for den samla kyrkjelege verksemda i kommunen. Dette fungerer godt. Kyrkjevevja fungerer som sekretærar for soknerådet og leier verksemda knytt til personal-, gravplass- og kyrkjebyggforvaltning. I all hovudsak har ein i 2025 jobba på eksisterande planar og etter gamal soknestructur. Kyrkjetenarane er knytt til kvar si kyrkje, men gjer teneste for kvarandre ved trong for det.

Kyrkjemusikarane fordeler gudstenester, gravferder og vigslar mellom seg i sine 70% og 50% stillingar. Undervisningstilsette dekkjer alle sokna med sitt arbeid. Det er tilsett totalt 5,4 årsverk under soknerådets ansvar. I tillegg kjem sesongarbeidarar.

1.august starta 2025 Ida Elisabeth Greve opp i si faste 100% stilling som kapellan. Frå februar til juni var Jan Sverre Stray vikar. Bjarthe Aarland var konfirmantlærarvikar i 20% stilling, lønna av Bjørgvin bispedøme fram til juni 2025 og delte stillinga

med Toril Margrete Nelson som hadde ei 20% administrativ rolle inn mot konfirmantarbeidet.

Kyrkjesenteret vert brukt flittig. Her er det stabsmøter, soknerådsmøter, trusopplæringstiltak, dåpssamtaler og vaffelfredag. Konfirmantundervisninga foregår både i kyrkjesenteret og i kyrkjene. Næringsdrivande nyter også godt av kyrkjesenteret og samarbeider med kyrkja.

Sommaravslutninga føregjekk i Osterøykroa sine lokaler. Det var samstundes ei markering av Ivar Mæland si avslutning og kyrkjeverja sin 60 års dag. Jan Sverre Stray underheldt oss med si strålende framtoning som pave.





VERKSEMDSOMRÅDE

Kyrkjelydsliv

Kyrkjelydsarbeidet har i 2025

vore Osterøy sokneråd sitt ansvar og trusopplæringsarbeidet har vore administrert frå kontoret via trusopplærar. Soknerådet har fått statlege midlar til dette arbeidet. Trusopplæraren har i 2025 jobba etter dei dåverande sokneråda sine fastsette trusopplæringsplanar. Sidan før samanslåinga har vi jobba med å få eit kyrkjeutval til kvar kyrkje. Dette er vi heilt avhengige av og det er litt ulikt korleis dette har arta seg.

Nytt i soknerådet er eit diakoniutval. Dette er enno heilt i startgropa, men vi vonar det vil bere frukter. Eit diakonitiltak er utdeling av blomar til etterlatne kvar desember. Eit tiltak som vert sett stor pris på.

I november hadde vi open kyrkje i allhelgenshelga med kakao og utdeling av lys. Anna nytt var markering av Kvenfolketsdag i mars. Begge deler etter initiativ frå soknepresten vår.

Bruvik kyrkje

I juli fekk vi ei alvorleg vatn lekkasje i romma bak kyrkjerommet. Det var ei sprekk i kabelen som gjekk frå varmtvatnstanken. I heile sommar har det vore jobba med å utbetre skaden. Det er satt inn ny toalett og vask og vi jobbar med å få satt opp eit lite kjøkken i dåpssakrestiet.

Gjerstad kyrkje

Det har vore lydproblemer i Gjerstad kyrkje som førte til innkjøp av ny miksepult og nye headset. Kyrkjeutvalet i Gjerstad stiller gjerne opp og hjelper også til med å halde kyrkjegarden fin.

Haus kyrkje

Haus kyrkje fekk ei pengegåve til eit handikappstativ opp trappene til altarringen. Dette stativet vart laga av ungdomar på Osterøy vidaregåande skule og kan monterast av og på etter behov.

Haus kyrkjelydshus

Kyrkjelydshuset er flittig i bruk og er mykje utleidd. Den nye komiteen for huset arrangerte i sommar ein nedvask av kjøkken og vindauge. Mange nyttar huset til minnesamvær, men det har også vore brukt som dåpssamvær, konfirmasjonar og runde dagar. Ein strikkeklubb i Haus, Haus helselag og pensjonistlaget er også ivrige brukarar.



Hamre kyrkje

Når vi endeleg fekk montert dei nye ledlysa i taket på Hamre kyrkje viste det seg at dei ikkje lyser optimalt. Det er sendt inn klage på saka via Bravida på Osterøy, som montert lysa. Vi har enno ikkje nådd ei løysing med lysa, men jobbar med saka.

Det har vore søkt om panelomnar i koret på grunn av vanskar med å varme opp kyrkje vinterstid. Innan jul var det endeleg klart for å kunne skaffe omnane. Dei vil verte montert ut på nyåret i 2026.

Gudstenesta på Ole Bull ferja i pinsa med song av Osterøykoret samla nærare 90, til trass for dårleg ver.

Vi manglar enno eit fast kyrkjeutval i Hamre og jobbar frå gong til gong med å skaffe tekstlesar og kyrkjevert.

Hosanger kyrkje

Hosanger har det siste året fått eit oppsving når det kjem til kyrkjeutval og konsertar. Der er det eit flott fungerande utval som stiller opp på gudstenester og legg til rette for flott kyrkjekaffi. Dei har også tatt opp igjen tradisjonen med konsertar der dei leiger inn attraktive artistar.

I haust hadde «Gjertruds sigøynerorkester» ein vellukka konsert saman med Helge Jordal.

Eit særleg vellukka arrangement i Hosanger sokn er den årlege klovneforestillinga klovnanane med *Tipp og Topp* som samlar mykje folk kvart år.

Andakter på Osterøytunet

Annakvar tysdag er det andakt/gudsteneste på Osterøytunet. Der deltek frivillige, sokneprest Astrid Marie Haugland og organist Trent Bruner. I 2025 var det tilsaman 209 som møtte.

Pensjonistsamlingar i Haus

Ein tysdag i månaden er det pensjonistsamling i kyrkjelydshuset i Haus. Frivillige lagar til mat og program for pensjonistane. Organist Trent deltek fast frå staben og sokneprest Astrid Marie deltek med andakt etter forespørsel. Overskotet frå samlingane går til til Lovsongsheimen i Bangkok, men i vår vart det delt mellom Lovsongsheimen og Døveskulen i Kamerun.

Vaffelfredag

Siste fredagen i månaden, med unntak desember, juni og juli, har vi vaffelfredag i kyrkjesenteret. I 2025 var det 266 personar til stades på dette arrangementet. Liv Skår har regien no og samarbeider med andre frivillige. Innan jul i år var vaflane bytta ut med julegraut. Dette er eit populært og kjekt tiltak der fleire faste kjem og slår av ein prat med ein kopp kaffi og ein vaffel.

Kyrkjehelsing

Bladet har i 2025 komen ut to gonger i postkassane. Ein gong til påske og ein gong i haust. Juleutgåva vart derimot kun elektronisk fordi redaktøren ikkje fekk levert bladet tidleg nok.

Tilsette bidrar med alt stoff. Osterøy skulebrass distribuerer bladet. Sidan bladet er eit fellesprosjekt, er dei tolv sidene i midten felles i blada. Her kan ein få inn stoff frå Osterøy som ein ønskjer delt med dei samarbeidssokna. Dei fire sokna har eit styre med to medlemmer frå kvart sokn.

Trusopplæring

Årsrapport for trusopplæring (TOL) 2025

Årsrapport for trusopplæring (TOL)/kyrkjeleg undervisning og læring (KUL) 2025

Innleiing:

I 2025 blei trusopplæringsplanen til Osterøy sokn overført til nytt digitalt verktøy; «Kirka vår». Med tanke på årleg rapportering, er systemet noko forenkla samanlikna med tidlegare. «Trusopplæring» (TOL) er blitt omdøpt til «Kyrkjeleg undervisning og læring» (KUL).

Nokre av tiltaka/arrangementa i planen vår blir kommenterte under:

Etter skuletid i Haus (Oppstart i 2025)

Skulen i Haus ligg i gangavstand til kyrkja og kyrkjelydshuset. To dagar i veka har dei eldste elevane kort skuledag og er ferdige kl.13. I vår starta me eit lite prøveprosjekt for aldersgruppa 5.-7.klassetrinn; Etter skuletid. Annankvar fredag

kl.13-15 denne aldersgruppa tilbod om eit enkelt måltid (hotdogs), felles leik, Bibel-film og frie aktivitetar. Tiltaket fekk god respons og blei forlenga utover hausten. Fire frivillige medarbeidarar leier samlingane saman med trusmedarbeidar, Helga. Erfaringane så langt har vore veldig positive. 18 stk. frå 5.-7. kl. har deltatt.

I all verda! (Oppstart i 2025)

Dette er eit misjonstiltak for barn og vaksne i alle aldrar. 9-åringar får spesiell invitasjon tilsendt som brevpost. Arrangementet gjekk over 2 dagar. Laurdag kl.12-15 var det samling, misjonstivoli og måltid m/Thaimat. NMSU hadde ansvar for misjonstivoli. Ei gruppe konfirmantar var hjelpeleiarar på fleire av stasjonane. Laurdagen møtte 32 personar (barn, konfirmantar og vaksne). 2 av 65 inviterte 9-åringar møtte. Me kunne ønska at fleire hadde deltatt. Opplegget fungerte godt og dei som deltok hadde det kjekt saman. Misjonstivoli var vellykka. Karamellkastar og lykkehjul var nok blant dei artigaste aktivitetane. Søndag var det misjonsgudsteneste i kyrkja.

31. mai 2026 vil me komprimera arrangementet og gjennomføra det på ein dag; misjonsgudsteneste m/aktivitetar etterpå. Maten kan vera enkel, for eksempel ein smakebit frå ulike land. Me vil invitera NMSU til å delta aktivt i gudstenesta, i tillegg til aktivitetar i kyrkjelydshuset etter gudstenesta (misjonstivoli eller global marknad). Tårnagentklubben kan også inviterast til å ha lynlotteri som ein aktivitet på misjonstivoli/global marknad.

Babysong

Dette tilbudet er nok mange barn og foreldre sin inngangsport til kontakt med kyrkja. Foreldre som går på babysong med babyane sine, kjem ofte tilbake på arrangement, når barna blir større. Helga får hjelp av fire frivillige medarbeidarar, ein hjelpar på kvar samling. Til saman hadde me 28 samlingar dette året og totalt 39 deltakarar.

Heilt Førsteklasses

Dette tiltaket, som tidlegare hadde tittelen Dåpsskulen, har svært lang tradisjon. Før påske får førsteklassingane tilbod om 6 samlingar, ei samling kvar veke. Bibelhistorier frå GT og NT blir presenterte. Palmesøndag deltar gruppa i familiegudstenesta. Etter pandemien har deltakinga gått merkbar nedover. Mens ein tidlegare hadde grupper på 12-18 barn, møter no berre 4-6 stk. Det er utfordrande å finna ein ledig vekedag, sidan barna er aktive i turn, fotball osv. Ei endring i opplegget må vurderast.

Småbarnsong

Mellom 10 og 20 barn i alderen 3-5 år deltar på samling første tysdag i månaden. Alle har med seg ein vaksen. Barna deltar ivrig på samlingane og viser at dei set pris på faste system. På kvar samling brukar me opp til 15 songar. Dei fleste songane blir kombinert med bevegelse eller annan aktivitet. Fleire familiar er faste deltakarar på Småbarnsong. Frå september overtok Haldor pianoet etter Ivar. Ei mor sa: «Det var heise så ung pianisten er blitt».

Tårnagenthelg

8-åringar får tilbod om å bli tårnagentar. Dei kan velja mellom to helger og to kyrkjer. I Hosanger kyrkje var berre 1 tårnagent påmeldt. Dermed blei samlinga laurdag avlyst. Søndag deltok 5 barn frå tårnagentklubben i tårnagentgudstenesta, saman med den nye tårnagenten. Agentane hadde fleire oppdrag; lystenning, oppdragshjarte, bevegelsar til Fadervår og dei blei intervjua under preika.

I Hamre kyrkje var 14 agentar påmelde. 2 frivillige, i tillegg til 3 tilsette var i aktivitet laurdag frå kl.12-15. Dette blei ei flott og variert samling med mange oppdrag for agentane. Søndag hadde tårnagentane oppdrag i gudstenesta.

Tårnagentklubben

Klubben har framleis 1 samling i månaden. På klubbssamlingane varierer frammøtetet noko. Siste året har 12 barn frå 8-12 år vore innom. Nye tårnagentar blir kvart år inviterte inn i klubben. Synnøve Tveiterås og Helga A. Mjelstad er vaksenleiarar i klubben.



Foto: Helga A. Mjelstad

Himmel over livet

Dette er eit arrangement me tilbyr i juni for dei som skal bli konfirmantar. 21 ungdomar deltok dette året. Samlinga, som skulle vera ved Husavatnet, blei flytta til Gjerstad kyrkje. Dette sidan vêret var ustabil. Nokre aktivitetar blei plasserte inne og andre ute. Dei komande konfirmantane var positive og rolege. Dei klarte, med litt hjelp, å danna grupper i passeleg storleik. Fleire av dei tilsette deltok på arrangementet, i tillegg til 4-5 frivillige. Gruppevis gjekk konfirmantane rundt og gjennomførte aktivitetar både ute og inne. Då alle var ferdige, blei det servert hotdogs inne i kyrkjerommet. Vinnargruppa kåra og premiert. Alle som ville ha, fekk trøstepremie.

Konklusjon: Samlinga blir permanent flytta til kyrkja. Dette gjer det lettare å gjennomføra opplegget uansett vår.

Ranselgudsteneste

Før andre gong blei det arrangert Ranselgudsteneste for førsteklassingane siste søndag i august, med utdeling av 6-årsbok. Før gudstenesta hadde me eiga samling for førsteklassingane. Deltakinga var god i år også; 16 barn. Ranselgudsteneste er planlagt også for 2026. Då blir Barnekoret også med.

Klovnane Tipp & Topp

Dette året blei det ikkje besøk av klovnar i Hosanger kyrkje, fordi arrangementet er flytta frå november 2025 til januar 2026.

Lys Vaken

I år blei Lys Vaken i Gjerstad kyrkje avlyst p.g.a. få påmelde. Dette var svært uventa, men kan delvis forklarast med at turngruppa til Osterøy idrettslag organiserte turnhelg med overnatting i Osterøyhallen akkurat same helg.

Trusmedarbeidar har vore i kontakt med turngruppa og me sørgjer for å unngå denne kollisjonen neste år. I Haus deltok 11 barn på Lys Vaken og det blei ei flott oppleving for både barn og vaksne.

Sprell levande søndagsskule-måndag

Søndagsskulen held til i Kyrkjesenteret og har hatt 9 samlingar siste året. Ei lita barnegruppe deltar. Kvar samling er bygd opp rundt ein fast liturgi og flanellograf blir brukt i formidling av bibelforteljingane. Fisking av songar er populært. Leik og

fargelegging er kjekke aktivitetar. Gerd Karin Njaastad og Anne Cecilie Skeidsvoll er leiarar.

Konfirmantarbeidet

I vårsemesteret hadde kyrkja konfirmantlærer i 20% stilling (Bjarte Aarland). I tillegg hadde kontorpersonale (Toril Nelson) administrasjon av konfirmantarbeidet i 20% stilling. Dette kom som ei naudløysing, sidan me ikkje fekk søkjar på konfirmantlærarstillinga. Særleg i samband med konfirmantleir, er dette knapt med ressursar. Frå august overtok prest, Ida Greve, konfirmantundervisninga. 60-65 konfirmantar er ei stor gruppe å følgja opp. Konfirmantarbeidet er utfordrande, sidan der har vore så mykje skifte av konfirmantlærer.

Laurdagstreff

Målet med laurdagstreffa var å tilby barn og familiar ei oppfølging etter avslutta TOL-tiltak. Då er ofte barna motiverte for å bli med på meir aktivitet i kyrkja. Laurdagstreffa er for folk i alle aldrar, både barn og vaksne. TOL/KUL-rådet organiserer leiargrupper rundt kvart treff. Treffa har minka i omfang, sidan frammøtet ikkje har vore slik me hadde håpa på. Dette året har berre 2 laurdagstreff blitt gjennomførte.

- 10. mai: 8 barn og vaksne deltok i kyrkjesenteret. Servering av vaflar, kaffi og saft. Spel- og teikneaktivitetar for barna.
- 14. juni: 35 barn og vaksne var innom parken på Hamre. Det blei servert heimelaga bollar, saft og kaffi i det fine vêret. Kyrkja var open og aktivitetar blei laga til i parken og rundt kyrkja.
- I staden for laurdagstreff med julegraut før jul, blei det julegraut ein fredag. Siste fredag i månaden er det

vaffelfredag i kyrkjesenteret, drive av frivillige medarbeidarar. Siste fredag i november blei det servert julegraut i staden for vaflar. 25 små og store møtte.

Frivillige medarbeidarar

Eg vil gjerne takka alle frivillige medarbeidarar som gjer det mogleg å halda så mange tilbod gåande for barn og unge i kyrkjene. Fleire av arrangementa våre krev mange leiarar og det er fantastisk fint å få dela dei gode erfaringane med så mange positive medhjelparar. Må Gud velsigna kvar enkelt rikeleg!

Helga Askeland Mjelstad, trusmedarbeidar



Foto: Helga A. Mjelstad.

Kyrkjemusikk

ÅRSRAPPORT - KYRKJEMUSIKK 2025 – 2. utkast, 20.01.2025

Hovudpunkta i 2025

Staben

Ivar Mæland pensjonerte seg frå stillinga som kantor 22. juni 2025. Haldor Askeland Mjelstad overtok stillinga etter Ivar, og starta som organist 1. august 2025 i 50% stilling.

Gjestemusikarar

I 2025 har organist og kantor samarbeidd med forskjellige gjestemusikarar på ulike gudstenester. Både konfirmantar, skuleelevar, amatørsolistar, lokale grupper, korps, og profesjonelle musikarar har delteke. Takk til alle som har vore med!

Kyrkjemusikkplan på Osterøy

10.03.25 vedtok soknerådet ein lokal kyrkjemusikkplan for Osterøy. Det vert arbeidd med å setja saman eit kyrkjemusikkutval, som i samarbeid med organistane kan jobba med måla frå kyrkjemusikkplanen. Kyrkjemusikkplanen er tilgjengeleg på osteroy.kyrkja.no/musikk.

Instrumenta i kyrkjene og på kontoret

Reparasjon av orgelet i Hamre kyrkje har stoppa opp i påvente av meir pengar.

Ein komité jobbar no aktivt med å få kjøpt eit nytt flygel til Haus kyrkje. Dette arbeidet er eit kontinuerleg arbeid som starta i Haus sokneråd hausten 2021, men som no vert vidareført av Haus kulturminnelag.

Osterøy sokneråd kjøpte eit øvingsorgel i mars 2025, som kom på plass på kyrkjekontoret i Lonevåg 24. juni 2025. Dette har vore til stor hjelp for organistane med førebuing til gudstenester og andre kyrkjelege handlingar.

Lydutstyr i kyrkjene

Som ein del av eit langsiktig mål vart det, etter godkjenning av soknerådet, installert ein ny miksepult i Gjerstad kyrkje. Miksepulten vart installert tidleg i 2025. Selskapet *Lybi* var leverandør. Hosanger kyrkje er neste ut til å få montert ny miksepult. Arbeidet med dette heldt fram i 2026.

Samarbeidsmøter:

I 2025 har det vore fleire musikk møter – der organistar, prestar, andre frå staben og frivillige medarbeidarar har fått diskutert ulike sider ved det musikalske arbeidet i kyrkja. 07.05.2025 vart det arrangert eit samarbeids møte mellom kyrkja og forskjellige aktørar som brukar kyrkjene til konsertar. Det var svært nyttig å få samla alle for å få koordinert konsertane, og dette er noko me vil halda fram med.

Salmekveld:

Den første salmekvelden som vart arrangert etter at kyrkjemusikkplanen vart vedteken, fann stad i Gjerstad kyrkje

26. oktober med organist Haldor Askeland Mjelstad, sokneprest Astrid Marie Haugland og sangsolist Rikard Seltveit.

Konsertar

Konsertverksemda har halde seg relativt stabil i 2025. Det vart arrangert 18 konsertar i sjangrane barokk, klassisk, born, folkemusikk, kristenpop og tradisjonell kyrkjemusikk i kyrkjene på Osterøy. Staben, musikklag, kor, andre organisasjonar og kyrkjeutval arrangerte konsertar i 2025. Lokale og profesjonelle aktørar deltok. Det vart arrangert seks konsertar av kyrkja på Osterøy. Nokre konsertar vart arrangert av andre organisasjonar og fire konsertar i samarbeid med Osterøy sokneråd. Det var mellom 19 og 258 publikummarar til stades på dei ulike konsertane. Det var totalt 1822 besøkjande i 2025. Konsertane vart annonsert på Facebook, Osterøy sokn si nettside og «Skjer i kirken», ei digital plattform i Den norske kyrkja som når ut nasjonalt.

Arbeidet med utvikling av ein konsertstrategi har begynt med informasjon om konsertane frå 2022 og fram til dags dato. Osterøy sokneråd har sett saman ein komité med ansvar for «Delegeringsmynde ved utleige av kyrkjene på Osterøy». Reglement for leige av kyrkjene ligg på osteroy.kyrkja.no.

Vedlikehald og rehabilitering

I Hosanger var takrenna ned langs eine langsida av kyrkje sprukken og laga ei grønfarge på veggen. Takrenna var bytta ut og veggen vaska.

Gravplassforvaltning

Det er det dåverande fellestrådet, no Osterøy sokneråd, som har ansvaret for drift og vedlikehald av gravplassane, og for gravlegging. Alle innbyggjarane på Osterøy har rett på fri grav når dei døyr, uavhengig av kva trus- eller livssyn dei måtte ha.

Våre to kyrkjegardsarbeidarar har små stillingar. I 2025 hadde vi 53 gravferder. Oppgraving og pågraving, tining og deltaking i seremoniane har også i 2025 tatt mesteparten av deira arbeidstid. Kyrkjegardsarbeidar Oddvar Høgli søkte om permisjon i 20% stilling frå hausten og ut året. På slutten av året søkte han om full permisjon frå si 40% stilling. Han fekk innvilga dette fram til 1.juni 2026. I hans stad har vi leigd inn tidlegare kyrkjegardsarbeidar Roger Birkelund som også har fjerna mykje av gamle gravsteinar. Vedlikehald av kyrkjegardane utom har vorte gjort av frivillige innan rusomsorga på Osterøy.

Frå 1.mai til 1.oktober har vi hatt innleigd arbeidskraft berre til klypping av gras på dei åtte gravplassane. Finn Røsland har hatt denne jobben åleine i sommar.



ØKONOMI OG STATISTIKK

Økonomi

Den kommunale finansieringa var på 5.930 000,- NOK i 2025. 2025 hadde eit mindreforbruk (overskot) på kr 326 707,-.

Statistikk

Det har vore ein nedgong i antall gudstenester og difor vart det færre besøkande og færre nattverdsgjester.

Talet på døypte heldt seg stabilt. Konfirmerte var færre enn tidlegare år, men kan også henge saman med ulik antal fødde det året.

Antal vigde var ganske få i 2025, berre fem. Innmeldte heldt seg stabilt lågt, mens utmeldte har gått ein del opp. Ofringar har gått ned, noko som kan skyldast færre gudstenester.

	2022	2023	2024	2025
Gudstenester	81	87	92	77
- til stades	6314	5524	6268	5627
Nattverdsgjester	1017	935	1025	962
Døypte	48	56	50	50
Konfirmerte	76	73	76	64
Vigde (par)	4	11	10	5
Gravlagde	75	49	45	53
Innmeldte	4	6	6	7
Utmeldte	23	18	17	24
Ofringar	137 550	200 148	247549	207655

